



Kjell Taranger - truleg den største rose-entusiasten i bygda

**Bøkkerverkstaden var vakkert pynta med raude roser under arrangementet sist helg. Roseprakten var ikkje henta frå nokon butikk, men frå ein av dei største rose-entusiastane i bygda. Kjell Taranger (71) som bur i Syne på Korsnes kan vise oss ein heil vegg med 3 raude sortar - Flammentanz, Ingrid Bergmann og Heidelberg - og han stilte på Rød med ei bytte fylt av den første.**

**Rosene til Kjell er prega av godt stell og av at entusiasten klyppar av rosebuskane kvar einaste dag..**

- Eg elsker dei, seier den tidlegare telegrafisten som no har vore pensjonist i 7 år.

-Noko må ein driva med, og no er det 33 år sidan eg og kona planta dei fyrste små buskane her. Vi var av dei fyrste som slo oss ned her på Korsnes etter å ha budd i Bergen. Vi tok med endel planter då vi flytta, mellom andre fjellrododendron., og så supplerte vi etterkvart, seier Kjell, som også er ein dyktig fotograf og ivrig bidragsytar på facebook.

Før gjorde kan seg også gjeldande som lesarbrevskribent - til og med i rikspressa - men har trappa ned den verksemda no.

-Dette er mitt paradys, seier han og slår ut handa mot panoramautsikten over Storsundet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ein heil vegg med roser hos Kjell